



Equinor Mongstad

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/848 - 19/9413

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

13.06.2019

Søknad om godkjenning av bestandsplan - vald 4. Austrheim kommune

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke

Valdet er ikkje ein del av bestandsplanområde i Austrheim kommune og har mindre enn 20 gonger minstearealet. Landbrukskontoret har vurdert søknaden etter *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §§ 15 og 16 og finn at valdet ikkje oppfyller krava til bestandsplan.

Arealet og tilhøva på staden er av ein slik art at Austrheim kommune framleis vil legge til rette for ein fleksibel forvaltningspraksis. Vår vurdering er at ein relativt høg kvote etter modellen for retta avskyting opnar for fleksibilitet i det årlege uttaket.

Vedtak:

Søknad om godkjenning av bestandsplan vert avslått med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Valdet får tildelt løyve etter modellen for retta avskyting.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Equinor Mongstad